

# Samarbeidsavtale

om:

**deltaking i Program for folkehelsearbeid i kommunane  
(folkehelseprogrammet)  
«Frå utanforskap til innanforskap med program folkehelsearbeid i  
Møre og Romsdal 2019-2024»**

er inngått mellom:

<b>Gjemnes kommune</b> Org. nr. 964 981 426	og	<b>Møre og Romsdal fylkeskommune (Kulturavdelinga)</b> Org. nr. 915 034 969
--	----	--

for programperioden

<b>f.o.m. 2019</b>	<b>t.o.m. 2024</b>
--------------------	--------------------

*Signering av kontrakt er gjort ved elektronisk prosess i Mercell ved bruk av bank-ID.*

## Kontakt

All kontakt vedrørende denne avtalen rettast til:

Kontaktperson i Møre og Romsdal fylkeskommune:	Kontaktperson i Gjemnes kommune:
Navn: Sigrí J. Spjelkavik	Navn:
Tlf.: 71 28 03 04/953 38 348	Tlf.:
E-post: sigri.spjelkavik@mrfylke.no	E-post:

## 1. BAKGRUNNEN FOR AVTALEN

Samarbeidet som blir omfatta av denne avtalen har bakgrunn i følgjande:

- Nasjonalt program for folkehelsearbeid i kommunane, med tilhøyrande regelverk
- Søknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune om å delta i programarbeidet:  
«Frå utanforskap til innanforskap med program for folkehelsearbeid i Møre og Romsdal (2019-2024)»
- Gjemnes kommune sin søknad om å delta i programmet:  
«Inkluderande skolehverdag»

## 2. FORMÅLET

Det overordna målet med programmet er betre psykisk helse og livskvalitet i befolkninga.

Det blir vist til vedlagte dokument kor hovudmål og resultatmål for programmet er fastsett.

Partane skal samarbeide om å nå måla i programmet. Gjemnes kommune skal sette seg eigne mål knytt til dette, som er konkrete, målbare og eigna for evaluering.

## 3. AVTALEPARTANE SINE ANSVARSOMRÅDE

Gjemnes kommune er ansvarleg for gjennomføring av tiltak i eigen kommune i tråd med prosjektsøknaden. Kommunen skal sørge for at eventuelle andre lokale samarbeidspartnarar slutter seg til denne avtalen. Kommunen forpliktar seg til å dele sine erfaringar frå deltakinga i programmet med andre kommunar i fylket. Alle tiltak og metodar som blir utvikla/utprøvd innan ramma for tilskotsordninga skal evaluerast.

Møre og Romsdal fylkeskommune har det samla programansvaret og er overordna prosjektleiar i Møre og Romsdal. Fylkeskommunen har ansvar for å koordinere og drive fram prosjektet og er økonomisk og administrativt ansvarleg overfor Helsedirektoratet. Fylkeskommunen vil legge til rette for utveksling av erfaringar og samarbeid med andre kommunar i programmet.

Møre og Romsdal fylkeskommunen skal legge til rette for samarbeid med forskings- og kompetansemiljø, og sikre at tiltaka leggjast opp på ein slik måte at dei kan evaluerast, samt bidra til at dei tiltaka som er relevante for forskning blir forska på.

### 3.1 Oppdragsgivar

Møre og Romsdal fylkeskommune er også Oppdragsgivar i tenestekontraktane (SSA-B) med dei valte forskings- og kompetansemiljø:

- Høgskolen i Molde
- Høgskulen i Volda
- Regional kunnskapssenter for barn og unge (RKBU, som ligg under NTNU)
- Møreforskning
- Kompetansesenter Rus- Midt-Norge (KoRus, som ligg under St. Olavs Hospital)

Kontrakten med ovenfor nevnte forskings- og kompetansemiljø er inngått som ei direkte avskaffing i etterkant av intensjonskunngjøring over EØS-terskelverdi datert 20.07.2019.

#### 4. ØKONOMI OG RAPPORTERING

Endelig prosjektsøknad frå kommunen gir grunnlag for tildeling av tilskot. Kommunen får årleg brev med tildeling som regulerer dei økonomiske forplikningane, samt rutinar for rapportering. 10 prosent av årleg tildeling frå fylkeskommunen til kommunen skal gå til forskning og evaluering, og kjem til fråtrekk på tilskotet.

Kommunen rapporterar til fylkeskommunen innan fristar som fylkeskommunen fastset. Fylkeskommunen gir ei samla tilbakemelding til Helsedirektoratet. Rapporteringa skal beskrive korleis og i kva for grad måla for tilskot er oppnådd. Vidare skal rapporteringa innehalde; oppgåver og framdriftsplan for det vidare arbeidet.

Begge partar forpliktar seg til å levere rekneskap for prosjektet. Det skal først rekneskap for tilskotet og eigenfinansieringa, skilt frå anna rekneskap. Rekneskapet skal kunne samanliknast med budsjettet i søknaden. Rapporteringsmalen inneheld ferdig definerte utgiftskategoriar som rekneskapstalla skal først inn i. I tillegg skal det leggjast ved rekneskapsutskrift direkte frå økonomisystemet som viser kva for artskonti utgiftene er fordelt på. Utskrifta kan vise utgifter aggregert per art og treng ikkje vise dei einskilde bilaga. Det vert vist til standardvilkåra for tilskot frå Helsedirektoratet som vil følgje tildelingsbrevet.

##### 4.1 Revisorkontroll

Rekneskapet skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar) i samsvar med Den norske revisorforening sin standard ISA 805 «Særlege hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i ein regnskapsoppstilling». Tilskuddsmottakar må gi revisor kopi av dette brevet før revisorkontroll.

Krav til revisorkontroll gjeld ikkje for tilskotsbeløp mindre enn 200 000 kroner.